

NVE

Per Toralv Gjedrem  
Fhv eier av gnr/bnr 45/3 på Espeland  
Tor Gunnar og Camilla Gjedrem  
Nåværende eiger av gnr 45 bnr 3 på Espeland  
Gloppedalsvegen 1291, 4389 Vikeså

29.02.2016

Innspel til høyringa ang. IVARs planar om å ta i bruk Birkelandsvatnet som drikkevannskilde

Blant grunneigarane i nedslagsfeltet er det sterk motstand mot tiltaket fordi ein reknar med at før eller seinare vil det medföra klausulering/begrensningar på råderetten og utviklingsmulighetane på eigedomane. Vannuttaket er ikkje tidsavgrensa, men vil vera der for alltid. Ingen veit kva utviklinga vil bringa 30-50-100-200 år framover, korkje når det gjeld utfordringar ved produksjon av drikkevann, produksjonsopplegg i jordbruksområdet eller andre bruksområde som måtte dukka opp for arealet i nedslagsfeltet.

Vi ser det som svært sannsynleg at tiltaket på sikt vil ”leggje lok på” utviklinga i området.

I Drikkevannsforskriften §4 slås det fast at:

”Det er forbudt å forurense vannforsyningssystem(herunder vannkilde og nedslagsfelt)( ) dersom dette kan medføre fare for forurensing av drikkevannet.

Det lokale Mattilsynet kan forby eller sette vilkår for aktiviteter, som forurenser eller kan medføre fare for forurensing av drikkevann.”

Vi ser at det er ryggdekning for, på eit eller anna tidspunkt å gå inn og avgrensa bruk av området.

I ”forskrift om rammer for vannforvaltningen” §17 står det at ”Vannforekomst identifisert som drikkevannskilde etter denne bestemmelse skal beskyttes mot forringelse av kvaliteten, slik at behovet for rensing ved produksjon av drikkevann reduseres.”

Om IVAR skulle ha ein ørleg intensjon om å godta det som måtte komme av utvikling i nedslagsfeltet i tillit til at renseanlegget vil takle alle utfordringer (La dei grapsa-me rense) er dette i strid med denne paragrafen, -Usikkerhet om konsekvensar.

Viser og til ”Analyse av Rore og nedslagsfelt”, som er ein gjennomgang av vannforsyningen til Grimstad og Arendal, forlangt av mattilsynet og utført av NIVA i samarbeid med SINTEF, m.a som et ”Grunnlag for revisjon av dagens beskyttelsesregime”.

Det første som er interessant med dokumentet er at det viser at mattilsynet kan, og faktisk gjer det, går inn og gjera inngrep i råderetten til vatnet og nedslagsfeltet.

Innsjøen Rore er på 7,8 km<sup>2</sup>, minst 1,5 gong så stort som Birkelandsvatnet, og her pålegges det bortimot full stopp i all utbygging i heile nedbørssfeltet.

På side 3 (vedlegg) vert storleiken på vatnet samanlikna med andre drikkevannskjelder, og det vert fastslått at ”man må opp mot Farris sin størrelse før det er vanlig å droppe klausuleringer i nedslagsfeltet”. Farrisvatnet er over 20 km<sup>2</sup>, altså 4 gonger større enn Birkelandsvatnet!!!!

Alt dette gjer at vår skepsis til IVAR sine forsikringar om null inngrep vert styrka.

Vi er svært glade for at NVE stilte krav om utredning av Store Myrevatn som alternativ til Birkelandsvatnet. Dette burde vera eit mykje betre alternativ samla sett.  
Ein får her tilgang på naturleg friskt vatn utan tilsig av nokon slag. Med dagens fokus på t.d økologisk mat er det rart at ikkje dette blir vektlagt. Kostnaden ved å ta i bruk Store Myrevatnet blir sjølv sagt større, men fordelt ut på antall abonnentar og mange år burde det ikkje bli mange kronene årlig. Store Myrevatn er allerede godkjent som drikkevatn og ligg i IVAR sin eigen medlemskommune.

Lyse kraft arbeidde for få år sidan med planar om å laga tunnellen frå Store Myrevatn til Espeland for å nytta fallet til kraftproduksjon. Når nå IVAR klarar å rekna ut at det ikkje vil vera lønsamt å setja inn ein turbin, så lenge tunnellen skal slås likevel, så svekkar dette truverdigheten til resten av utgreiinga deira ang. Store Myrevatn-alternativet. Henviser og til tidlegare planer presentert i stavanger aftenblad (vedlegg 2). der IVAR var instilt på å bruke store myrvatn til vannkilde og gjennom samarbeid med lyse kraft få ny kraftstasjon på espeland med en energievinst på 40.GVH. Kvifor har planane endra seg til birkelansvatnet?

Som tidlegare grunneigar på Espeland, og har m.a fulldyrka 120 mål ny jord og bygd ut garden elles. Sjølv sagt er det sterke kjensler knytte til den usikkerheten IVAR sine planar medfører for framtida for bruket. Ein får assosiasjonar til Stalintida når et offentleg føretak kan ta seg til rette på denne måten.

Me har opparbeida Heimstadneset hyttefelt ilag med Bjerkreim trelast, kor hyttefeltet ligg rett ved Birkelandsvatnet. Både me og hyttefolket blir bekymret om vatnet skal bli drikkevatn. Hyttefolket tenkjer på båtliv, fisking og bading. Idag er det 22 solgte hytter, og 25 ligg ytterligare for salg. Bekymringa gjeld og salget av dei 25 hyttene, då nærmaste nabo til dei nye hytteeigarane kan bli drikkevatn. Bekymring for risiko på sikt, sjølv om IVAR seiar det ikkje blir klausulering nå. Bekymringa er at dei kan søkja om dette i ettertid, og dei kan ikkje gje nokre garantier for kva framtida bringer. Kva om 10 eller 50 år. Dette er ei stor belastning for oss som grunneigara, kor me ikkje kan veta noko med sikkerheit. Me undrar oss over at ein velgar å ta drikkevatn frå eit område kor det foregår så mykje aktivitet rundt, når dei har eit alternativ, Store Myrevatn, korkje det er noko av aktivitet rundt. Dei vil ikkje berøra nokon med å ta det vatnet, sjølv om det vart klausulering på sikt. Vart det klausuleringar på sikt rundt Birkelandsvatnet, vil det få enorme konsekvensar for mange og ikkje minst store kostnader i form av erstatning.

Det ligg 40 gardar i nedslagsfeltet rundt Birkelandsvatnet. På vår gard har vi melkeproduksjon, slaktegrisproduksjon og sau. Ser vi på nokre tal, blir det bare på vår gard produsert i årsforbruk av grisekjøtt til 6200 personer. Årsforbruket av melk til 1920 personer. Årsforbruket av storfekjøtt til 527 personer og årsforbruket av sauekjøtt til 220 personer. (*Henta frå helsedirektoratet sin rapport: Utviklingen i norsk kosthold. 01.11.2015*). Dette er bare vår gard. Me undrar oss over at matproduksjon skal bli satt i så stor usikkerheit og fare, bare for at IVAR skal spare nokre kroner. Matproduksjon kan ikkje flyttast slik som ein kan velgja drikkevatn rundt omkring.

Vi slåss mot ei sterk overmakt. IVAR har bestemt seg for Birkelandsvatnet og er dyktige på å markedsföra dette, men heller ikkje dei kan spå om framtida og kva som vil dukka opp av problemstillinger. Det som er sikkert er at viss anlegget i Birkelandsvatnet blir bygt, har IVAR/Mattilsynet bukta og begge endane, og kan hindra dei som bur der i å nytta området slik dei nynskjer.

**Dette kan me ikkje godta !**

Stemninga blant dei berørte er amper og til dels oppgitt over at vi opplever at vi ikkje når fram med våre synspunkt.

Vårt håp nå er at NVE følgjer opp kravet sitt om utredning av Myrevatnet og avslår IVARs konsesjonssøknad for Birkelandsvatnet, slik at Nord-Jæren kan få det beste drikkevatnet utan at det går ut over ”uskyldige”.

Mvh  
Per Toralv Gjedrem  
Tor Gunnar og Camilla Gjedrem